



LANGTIDSPLAN FOR BRUSAND IDRETTSLAG 2019-2021

Motto/visjon:

Planen strekker seg over ein 3-års periode fram til og med 2021. Det er hovudstyret ev i samarbeid med ei arbeidsgruppe som legg fram det reviderte forslaget, for årsmøtet.

Planen er eit styringsreiskap som klubben er pålagt frå årsmøtet, og det er bare årsmøtet som kan gjera endringar av planen, etter innstilling frå hovudstyret.

Brusand idrettslag har i “Partnarskap mot mobbing” forplikta seg til å arbeida mot mobbing i alle formar. Dette må alle aktive i laget alltid ta på alvor og vera tydelege vaksne som tek tak i mobbing når me opplever det.

LANGTIDSPLANEN GJELD ETTER:

1. Lover frå Brusand idrettslag
2. Årets budsjett
3. Vedtak frå siste ordinære årsmøte, eller ekstraordinære årsmøte

Ansaret for gjennomføring av planen har hovudstyret via gruppene og komiteane sine.

Planen er delt inn i følgjande hovudgrupper:

1. Sportslege mål
2. Drift av laget
3. Anlegg
4. Økonomi/rekneskap
5. Samlingspunkt i bygda

Vi håpar langtidsplanen vil føra til debatt om retninga for Brusand idrettslag i framtida.

1. Sportslege mål

1.1 Fotball

Brusand IL har i dag ei stor fotballgruppe som driv det bra på mange område. Brusand idrettslag har lange tradisjonar for fotball, og har drive med det sidan starten av laget i 1919.

Målsetjinga for fotballgruppa:

- Kunna gje eit tilbod til alle mellom 6 og 18 år av begge kjønn i aldersbestemte klassar
- All fotball og barneidrett skal drivast etter NIF og NFF sine retningslinjer
- Det bør vera eit mål å få flest mogleg unge spelarar frå eigen klubb til A-laget/damelaget, men spelarar utanfrå som ønskjer å vera med skal alltid vera velkomne
- Utdanna dommarar etter kretsen sine krav. Rekruttering av dommarar frå ungdomslaget er òg ein fin måte å gje unge ansvar og deltaking i laget.
- Heile klubben må arbeida for at yngre klassar skal halda fram til seniornivå.
- Klubben bør aktivt melda på spelarar med gode ferdigheiter til sonesamlingar.
- A-laget bør ha som mål om å vera i 5. divisjon
- På juniornivå skal det vera påmeldt lag etter kor mange spelarar det er innom den aktuelle årsklassen, og det er viktig å ha eit rekrutteringslag som fangar opp dei som fell utanfor A-laget
- Ha eit best mogleg samarbeid med dei andre gruppene i laget, særleg i overgangane mellom sesongane. Dersom det oppstår tvistar rundt dette kan gruppestyret overstyra trenarar.
- Vidareføra inntektsbringande turneringar

- Eit breiddeidrettslag som BIL må unngå topping av aldersbestemte lag.

1.2 Handball

Brusand IL har i dag ei handballgruppe som starta opp i 1996.

Målsetjing for handballgruppa:

- All handball og barneidrett skal drivast etter NIF og NHF sine retningslinjer
- Å skapa eit sosialt og godt miljø innan handballgruppa og i idrettslaget
- Handballgruppa skal gje barn eit tilbod når dei er ferdige på Barneidretten
- Ta sikte på å stilla lag i serien innan dei aldersbestemte gruppene
- Det er eit mål å ha trenar med handballerfaring til alle gruppene. Det er viktig å gje trenarar og oppmenn kurstilbod for å få eit godt nivå på trenarane. Målet må vera breidde i laga, men kvalitet i treninga.
- Utdanna dommarar etter kretsen sine krav. Rekruttering av dommarar frå ungdomslaget er òg ein fin måte å gje unge ansvar og deltaking i laget.
- Vidareføra inntektsbringande turneringar
- Klubben bør aktivt melde på spelarar med gode ferdigheiar til sonesamlingar
- Ha eit best mogleg samarbeid med dei andre gruppene i laget, særleg i overgangane mellom sesongane. Dersom det oppstår tvistar rundt dette kan gruppestyret overstyra trenarar.
- Eit breiddeidrettslag som BIL må unngå topping av aldersbestemte lag.
- I perioden vil laget arbeida med rekruttering og å halda på spelarane.

1.3 Innebandy

Dette er ei treningsgruppe som trener to gonger i veka. Dette fungerer godt som eit forholdsvis uorganisert tilbod for unge og vaksne som vil ha uformell trening. Med små barnekull er truleg dette den mest fornuftige drifta.

1.4 Barneidretten

Målet er at barneidretten skal vera eit tilbod til dei minste, frå fire til seks år. Det skal vera eit tilbod som er spanande, sosialt (også for foreldra) og allsidig. Trivsel er eit nøkkelord.

Gjennom barneidretten skal me prøva å engasjera både barn og foreldre, og rekruttera

framtidige leiarar blant foreldra. Gjennom barneidretten får mange foreldre sitt første møte med idrettslaget. Det er viktig at Brusand IL framstår på ein positiv og god måte.

Arrangement som Lørdagslek i hallen er eit flott tiltak for å få inn flest muleg småbarnsforeldre i idrettslaget og nyttilflytte kjende i bygda og hallen

Laget før delta i samarbeid med andre klubbar (Varhaug, Orre, Voll og Vigrestad) for fellesarrangement.

1.5 Treningssenter

Treningssenter i Ognahallen vart opna i 2016. Treningssenteret er eit tilbod me har fått mange til å bruka. Målet med treningssenteret er å få etablert ei gruppe som legg til rette for trening, og til å skapa ein møteplass for folk som ønsker å vera i aktivitet utanom, eller i tillegg til, organisert idrett. Treningssenteret håper at me òg gjev eit tilbod til ungdom som ofte fell ut av organisert idrett.

1.6 Nye grupper/aktivitetar

Brusand IL bør sjå positivt på initiativ til å oppretta nye grupper, men må vurderer i kor stor grad den nye gruppa konkurrerer om medlemmar som allereie er aktive. Det er viktig at BIL ikkje spreier ressursane sine på for mange områder.

2. Drift av laget

2.1 Utdanning og opplæring

For å auka kompetansen, må laget tilby medlemmer og tillitsvalde kurs og opplæring.

Målsetjing:

- Tillitsvelde bør få tilbod om administrative kurs (om lovar, reglar og rutinar) kvart år
- Laget må oppfordra flest muleg til å ta trenarkurs
- Kvart år bør flest muleg gå på dommarkurs. I tillegg bør ein motivera og rekruttera ungdom på aldersbestemte lag (frå 13 år og oppover) til dommarkurs
- Laget bør leggja til rette for at trenarar og leiarar får delta på intern opplæring før sesongen startar
- Laget bør sørge for opplæring i førstehjelp og hjartestartar til trenarar og oppmenn
- Alle utgifter til kurs skal dekkjast av klubben

2.2 Informasjon

Det er viktig at flest mogleg får rett og god informasjon om idrettslaget.

Målsetjing:

- Laget skal verta betre kjend i bygda og i kommunen. Facebooksida må brukast aktivt, i tillegg til internettsida.
- God informasjon til dei aktive sine heimar – dei ulike gruppene har ansvar for dette
- Gje ut BIL- posten to gonger i året
- Kontakt med massemedia, og arbeida aktivt for at informasjon vert gjeven gjennom desse

2.3 Samarbeid med andre lag

Generelt bør vi ha eit ope og godt forhold til alle andre lag og organisasjonar i bygdene rundt oss. For laget vårt må det vera naturleg å samarbeida med andre lag som driv idrett.

Målsetjing:

- Godt samarbeid med Brusand Turn
- Samarbeida med andre lag på aktuelle arrangement eller idrettslege tiltak

2.4 Brusand IL og Oga skule

Me samarbeidar med skulen for at begge partar kan bruka kunstgrasbanen og hallen på beste måte.

Målsetjing:

- Ha jamleg kontakt med Oga skule
- Behalda avtalen med skulen og kommunen om bruk av hallen i skuletida

2.5 Miljø – eit lag for alle

Eit godt miljø og trivsel er svært viktig for laget. Alle skal trivast og kjenna seg velkomne. Målet må vera å arbeida for å vidareutvikla eit godt idrettsmiljø i heile laget.

Målsetjing:

- Miljøarrangement, så som turar, dugnad, arrangement eller samkome av ulike slag, bør vidareutviklast

- Me må arbeida for ei sterk ”klubbkjensle” for Brusand idrettslag
- Det skal vera ein språkbruk i laget som ikkje støyter nokon
- Idrettsaktivitetar skal vera frie for alkohol og andre rusmiddel
- Motto/visjon for laget skal etablerast i løpet av 2019

2.6 Idrettsmøte

Det er viktig at klubben deltek på dei ulike idrettsmøta for å få innsyn i, og kjennskap til, korleis organisasjonar og lag arbeider.

Målsetjing:

- Senda utsendingar til krets- og forbundsting

3. Anlegg

Brusand IL ønskjer at Ognahallen skal vera eit samlingspunkt for folket i krinsen.

Målsetjinga må vera at dei etablerte anlegga må framstå som fine, ryddige og moderne nærmiljøanlegg. Det bør vurderast å betra publikumsområda både på Kvalbein og Ogn. Vedlikehald og stabil aktivitet er viktigare enn nye banar.

3.1 Nye anlegg

Det vil ikkje vera aktuelt å byggja nye anlegg i denne perioden. I 2019 må det setjast ned ein komitè som skal arbeida med å flytta all fotballaktivitet til Ogn, og vurdere kva behov som må dekkast på lengre sikt.

3.2 Vedlikehald

Laget må leggja vekt på å halda anlegga i god stand, slik at dyre utbetringar grunna dårleg vedlikehald vert unngått.

Alt vedlikehald bør verta gjort som eigeninnsats/med eigne midlar/tilskot, og ikkje finansierast med langsiktig lån.

3.3 Drift

Drift av anlegga bør i hovudsak verta utført som dugnadsinnsats med tilrettelegging frå dagleg leiar.

Grasklypping på Kvalbein stadion, og ved nærmiljøanlegget på Ognå, må som tidlegare verta utført av Hå kommune.

4. Økonomi

4.1 Bruk av budsjett

Laget har hatt ein stor vekst i omsetnaden. Dette gjer at det vert stilt strengare krav til styring av økonomien. For å kunna planlegga aktiviteten betre, er det viktig at budsjettarbeidet er grundig.

Målsetjing:

- Gruppene utarbeider budsjettforslag til hovudstyret
- Budsjettet skal avspeгла forventa aktivitet i gruppene
- Kvar månad skal rekneskapet kontrollerast opp mot budsjettet i hovudstyret
- Hovudstyret skal laga eit budsjett som går i overskott, for å opparbeida eigenkapital til framtidige investeringar

4.2 Leige av rekneskapstenester

BIL nyttar i dag ekstern bokføring og vil halda fram med det.

4.3 Innkjøpsrutinar m.m.

Dagleg leiar har ansvar for innkjøp av forbruksmateriell. Leiarane av gruppene kan samarbeida/avtala innkjøp med dagleg leiar. BIL nyttar i hovudsak dei firma som har gjeve laget økonomisk støtte.

4.4 Eksisterande inntekter

Brusand IL har fleire arrangement som betyr mykje for laget, som bingoen, juledansen, basaren, julemesse, kaifesten og bubiltreff. Me vurderer heile tida om me bør kutta ut/etablere nye arrangement.

Målsetjing:

- Betra dei inntektskjeldene me har nå
- Auka talet på medlemmer
- Ta på seg dugnadsoppdrag
- Ha Hå kommune som fast leigetakar på dagtid i hallen

5. Samlingspunkt i bygda

I ei bygd som Ognabrusand-Sirevåg er idrettslaget meir enn eit aktivitetsslag. Som det største laget i bygda har idrettslaget òg eit ansvar og ei oppgåve til å skapa identitet, samhald, aktivitet og stoltheit for staden me bur. Dette har Brusand idrettslag ein lang tradisjon for, både å leggja til rette for og vera medarrangør 17. mai, men òg mange av dei tradisjonsrike arrangementa som Julemessa, Juladansen, Kaifesten og ikkje minst Bygdadagen. BIL-posten bør òg ha ei rolle i dette, gjennom å vera meir enn eit reint lagsblad, men òg eit blad for bygdene. Dette er områder som laget bør prioritera vidare i åra som kjem, sjølv om ein alltid skal vera klar på at hovudmålsetjinga er sportsleg drift.

Målsetjing:

- Få fleire grupper inn med innhald i BIL-posten
- Vidareutvikla bygdadagen i den formen den har fått